

Dykkar ref.: 15/1644 - 19/4473

Vår ref.:16039

Bergen, 21.03.2019

Reguleringsplan for Fossesjøen, ber om at avslag blir lagt fram for kommunestyret

Vi viser til brev fra Meland kommune datert 06.03.19 om at Rådmannen ikke finn grunnlag for å legge planforslaget for Fossesjøen ut til offentleg ettersyn slik det no føreligg. På vegne av forslagsstillar Vestland Eigedom AS ber vi om at avslaget blir lagt fram for kommunestyret.

Rådmannen visar i sitt brev til at reguleringsforslaget ikkje oppfyller rekkefølgjekravet i kommuneplanens sin arealdel:

1.5.4 tredje punkt: *For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast bruksløyve til bustader før:*

- *Fortau/bilfri gang- og sykkelveg til nærmeste skule er opparbeidd.*

1.5.6 første og andre punkt:

Område med særskilt rekkefølgje, jf. Pbl § 11-9 nr. 4:

- *For framtidig og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse - Håtuft - Ådland, må nytt kryss ved Krossnessundbrua vere etablert før det kan gjevast bruksløyve for nye tiltak.*
- *For framtidig og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse - Håtuft - Ådland, må trafikksikringstiltak langs FV 245 vere gjennomført før det kan gjevast byggjeløyve for nye tiltak.*

Forslagsstillar foreslår mellombelse løysingar i planforslaget for Fossesjøen, i påvente av realisering av framtidige vegplanar. Løysinga er grunngjeve og lista opp i «Notat trygg skuleveg, Fossesjøen 17.1.19» og gjennom rekkefølgjekrav satt i § 2.11.8 - 10 i planforslaget:

- 8 *Byggetrinn 1. Før det kan gjevast bruksløyve for bustadar innanfor BFS01, BFS02, BFS03, BKS05, BKS06 og BKS07, og for dei første 50 bustadane innanfor plan for Fossesjøen, skal Fossekrysset vere opparbeidd slik vedlegg for byggetrinn 1 synar. Bustolvegen skal vere opparbeidd med merker, skilt, pauseskur og eventuelt fleire lys. For meir informasjon om byggetrinn 1 sjå «Notat trygg skuleveg_Fossesjøen_17.01.19».*
- 9 *Byggetrinn 2. Før det kan gjevast bruksløyve for bustadar innanfor BKS03, BKS04, BKS08, BKS09, BKS10 og BBB03, og for dei neste 50 bustadane innanfor plan for Fossesjøen, skal Fossekrysset vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv.245 Fosse-Moldekleiv. Fortau langs Sagstadvegen skal vera etablert. For meir informasjon om byggetrinn 2 sjå «Notat trygg skuleveg_Fossesjøen_17.01.19».*
- 10 *Byggetrinn 3. Før det kan gjevast bruksløyve for resterande bustadar innanfor plan for Fossesjøen skal gang- og sykkelveg mellom Langelandskogen/Frekhaug og Fosse/Fossesjøen, vera opparbeidd og kopla opp mot Fossesjøen på ein hensiktsmessig måte. Fortau langs Sagstadvegen skal vera etablert. For meir informasjon om byggetrinn 3 sjå «Notat trygg skuleveg_Fossesjøen_17.01.19».*

Med heimel i Pbl § 12-11 ber vi på vegne av forslagsstillar Vest-land Eigedom AS, om at avslaget blir lagt fram for kommunestyret i Meland kommune.

Venleg helsing

Side | 2



Kari Johannessen
Dagleg leiar
Mob: 95832614
Ard arealplan as